
M U KULTURVERNTENESTA
H O I NORDHORDLAND

From: Synnøve Nesse
Sent: Mon, 14 Feb 2022 14:30:43 +0000
To: Elin Espvik Andreassen
Subject: Fwd: Uttale 102/8 Vabø
Attachments: image003.png, Vab 102,8.pdf

Kind regards

Synnøve Nesse
+47 90555252
Senior Consultant/Psychologist/ PhD
AFF at the Norwegian School of Economics NHH
www.aff.no

Videresendt melding:

Fra: Arild Sætre <Arild.Saetre@muho.no>
Dato: 13. oktober 2021 kl. 10:46:47 CEST
Emne: Uttale 102/8 Vabø

Hei!

Her er nokre linjer om gnr 102 bnr 8 Vabø. Då huset ikkje er registrert i SEFRAK
<https://www.riksantikvaren.no/les-om/sefrak/> og mest truleg ikkje er eldre enn 1850 er det ikkje krav om uttale om verneverdi, men skulle det bli det har du vedlagte uttale å vise til.

Lukke til.

Beste helsing

Arild Sætre
Sivilarkitekt - bygningsvernkonseult

(+47) | 950 48 705

Salhusvegen 201 | 5107 Salhus

kulturverntenesta@muho.no | muho.no | Følg oss gjerne på [Facebook](#)

Tekstilindustrimuseet | Osterøy museum | Havrå | Lyngheisenteret | Vestnorsk utvandringssenter | Bevaringstenestene | Kulturverntenesta



M U KULTURVERNTENESTA
H O I NORDHORDLAND

NOTAT

Salhus, 12.10.2021

Vabø gnr.102, bnr. 8

Mandag 20/9 var Kulturverntenesta i Nordhordland ved underteikna på synfaring til Vabøvegen 225, gnr. 102 bnr. 8. Bakgrunnen for synfaringa var at eigar ville ha ei vurdering av kulturminneverdi av våningshuset.

Huset har saltak, er i halvannan etasje og er tekt med dråpeskifer. Nordre delen er tømra og sør delen er i bindingsverk. I sør er det vernemur i tørrmur i første etasje. Sør og nordgavlen samt tilbygg mot aust har liggande kledning. Elles er huset kledd med ståande kledning. Skykkja mot nord er kledd med malte bølgeblekkplater. Alle dei eldre vindauge er bytte ut med nyare isolerglass. Det er enkel ringmur under den gamle delen av bygget og betongfundament under nyare tilbygg.

Tett ved vernemuren i sør, berre skild frå huset av ein passasje, ligg ein potekjellar. Denne er den mest autentiske delen av bygningsmassen på tomta. Vernemuren, som i utgangspunktet var i tørrmur, har seinare blitt fuga med sement og har ikkje lenger verken opphavelig funksjon eller uttrykk.

Då berande konstruksjonar og takkonstruksjon er dekt med plater og kledning var det ikkje råd å vurdere tilstanden til desse under synfaringa. Det som var synleg av tømre var svært skada av mit/stript borebille. Bjelkelag og golv i nordre dele, i stova, er sterkt råteskada og det er lagt finerplater over for å stabilisere golvet mellombels.

Ifølge bygdebok for Lindås vart det rydda ein husmannsplass på eit utmarksstykke til bruk nr 6 i 1862. Bygningane vart sette opp på felles grunn til bnr. 5 og bnr. 6. Våningshuset skal vere flytta frå Hodne i Lindås.

Etter det ein kunne sjå under synfaringa gjeld dette den nordre delen, det som i dag er stove. I gangen er litt av laftekassa synleg. Tømmeret er av middels dimensjon og er flathogd. Flathogd tømmer, som vi ser her, vart i Nordhordland vanleg frå 1700-talet og framover. Om

Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

kulturverntenesta@muho.no
941 72 250

Org. nr. 971 349 743

muho.no

M U KULTURVERNTENESTA H O I NORDHORDLAND

ein skal kunne seie noko meir om datering ut frå lafteteknikk må meir av tømmeret, særleg nover og innvendige hjørner, vere synleg.

Huset på gnr. 102 bnr. 8 skil seg frå det typiske 1800-tals våningshuset i Nordhordland. På midten av 1800-talet var det lenstovene som var det mest vanlege våningshuset i dette området. Lemstovene hadde rektangulær, symmetrisk planløysing med ei tømmerkasse i kvar ende og med midtgang, grue/kjøken og trapp til lemen mellom desse. I våningshuset på gnr. 102, bnr 8 på Vabø er det berre ei tømmerkasse og resten er i bindingsverk. Dette kan kanskje sjåast i samanheng med at det vart sett opp som våningshus på ein husmannsplass der det var avgrensa med ressursar. I Nordhordland har det vore relativt få husmenn; dvs slike som hadde husmannskontrakt. Dei få bygningane som står att i regionen, som vi veit har vore bygd på husmannskontrakt, har mykje til felles med huset på gnr. 102, bnr. 8; dei har berre ei tømmerkasse og det er nytta gjenbruksmaterial.

Bygningen er ikkje registrert i SEFRAK (SEFRAK-registeret er eit register over bygninger som er eldre enn år 1900), eller nemnd i andre kulturminneregistreringar. Ved større endringar, ombyggingar eller eventuell riving bør bygningen dokumenterast.

Det er gjort mange endringar på våningshuset opp gjennom tidene, både innvendig og utvendig og det er lite att av det opphavelege husmannshuset. Likevel gjer huset si historie som husmannsplass og dei gjenverande elementa som vernemur, jordkjellar og den gamle tømmerkassen at bygget har historiefortellande verdi. Kulturminneverdien ligg, slik Kulturverntenesta i Nordhordland vurderer det, i at delar av dette bygget er ein av dei få fysiske restane etter husmannsvesenet i Nordhordland.

Arild Sætre

Bygningsvernkonsulent

Kulturverntenesta